

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 5 (kortform):

Staten skal respektere dei rettane og pliktene foreldra og andre føresette har for å gi barnet rettleiing og støtte slik at barnet skal kunne hevde rettane til konvensjonen.

«Oskar slenger seg ned og dunkar hovudet i golvet.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 2 Barnet/barna



- Når Oskar slenger seg ned og dunkar hovudet i golvet er dette ein heilt naturleg reaksjon for eit barn som opplever seg misforstått.
- Korleis ville du forklart for mammaen kva Oskar har behov for i akkurat denne situasjonen?
- Når Oskar begynner å skrike, korleis ville du tilnærma deg situasjonen for å vareta hans behov?
- Kva for utfordringar kan ligge i situasjonar der foreldre ikkje tar dei vala som er klokast for barnet?